



## Notat

Dato: 11.10.2016  
Arkivsak: 2016/2011-32  
Saksbehandlar: ireolse

---

Til: Fylkeskasseraren

Frå: Eigedomsavdelinga

---

### Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 00207 - UU-uteområde

Brutto rekneskap: 1 155 475,- Budsjett: 1 500 000,-

#### Finansiering

Fuv 255/12 – løyving kr 1 000 000,-, og ramme 1 250 000,- inkl. tippemidlar.

#### Utdrag frå saka:

Det er vedteke ein plan som skal sikre deltaking for alle og universell utforming (UU) av fylkeskommunale bygg. I 2012 er det løyvd til saman 15 million kronar til denne typen tiltak, og fylkesutvalet har i møte 24.05.12 fordelt 14 mill. kr. Det står difor att 1 mill. kr til fordeling. I denne saka vil ein tilrå løyving av midlar for opprusting av delar av uteområdet ved Olsvikåsen videregående skole til universell utforming.

Olsvikåsen vgs vart tatt i bruk hausten 2006. Som ein del av prosjektet vart det etablert ein grusbane i tilknyting til idrettshallen. Grusbanen vert lite nytta til elevaktivitet da mange aktivitetar krev eit betre dekke og permanent oppmerking.

Skulen har utvikla eit prosjekt der dei føreslår å leggja eit "sportcourt"-dekk som kan merkast for mange ulike aktivitetar. Dekke har ei plan og fast overflate som er fargeemerka for ulike idrettar. Anlegget vert utført etter krava til universell utforming.

Skulen har ein stor avdeling for tilrettelagt opplæring der mange av elevane sitt i rullestol eller har andre funksjonshemningar. For desse elevane vil eit oppgradert uteområde med nytt dekke gje nye moglegheit for uteaktivitet

I vedlagte prosjektplan har skulen skildra prosjektet nærmare og pekt på kva aktivitetar ein kan nytte anlegget til.

Prosjektet er kostnadsrekna til 1,25 mill kr. Fylkesrådmannen foreslår å løyve 1 mill. kr til prosjektet. I tillegg vil ein söke om tippemidlar til prosjektet. Skulen har også sagt seg villig til å ta del i finansieringa.

Brev eigedomsseksjonen 2015 – 500 000,-

**Kommentar:**

Brevet frå Eigedomsseksjonen var knytt til budsjettering av tippemidlar. Opphavleg var det lagt til grunn 0,25 million kroner i tippemidler, som deretter vart justert opp til 0,5 million kroner i 2015. Endeleg resultat ser ut til å bli 0,6 million kroner i tippemidler. Bakgrunnen for auke i tilskot var at ein delte prosjektet opp i to anlegg, og høgare sats enn budsjettet.

Prosjektet har vidare tatt noko lengre tid enn opphavleg lagt til grunn, noko som skuldast omfattande reklamasjonsarbeider, som entreprenør med underentreprenør har tatt på seg kostnadane ved. I opphavleg kalkyle var det lagt inn noko reserve i forhold til uforutsett. Samla får ein dermed og innsparing i forhold til kostnadskalkyla, og ei betydeleg innsparing i forhold til venta netto kostnad for fylkeskommunen.

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Irene Olsen

Vedlegg: Statusrapport